

Til Alver kommune. Kart-og oppmålingsavd. v/ Kjartan Medås.

Frådeling av jordbruksareal frå gnr. 305 bnr. 7 Terje Fløksand. Syner til innsend søknad om deling samt til førebels svar frå Alver kommune datert 31.01. 2022.

Avkøyring til Fylkesvegen.

Viser til tilbakemelding frå Vestland kommune vedk søknad om avkøyringsløyve. Sjå vedlegg.

Bnr. 7 har hatt avkøyring til fylkesvegen frå den tid fylkesvegen vart etablert. Avkøyringa frå bnr. 307 er den vegen, som før fylkesvegen vart bygd, gjekk opp til utmarka for bruket. Ved etablering av fylkesvegen vart denne tilkomsten til utmarksområdet frå bruket avskore av fylkesvegen og bruket fekk dermed automatisk avkøyring til fylkesvegen grunna denne kryssinga. Slik er stoda framleis. I tillegg til denne avkøyringa til fylkesvegen har og bnr. 7 avkøyring til kommunal veg over Fløksand. Det er denne avkøyringa våningshuset brukar og skal bruka i framtida. Med den deling som det nå vert søkt om vil gjennomkøyringa mellom den kommunale vegen og Fylkesvegen over bnr. 7 bli stengt slik at det frådelte landbruksstykket vil få hovudbruket si avkøyring til fylkesvegen medan resterande del av bnr. 7 vil få avkøyring til kommunal veg. Dette er synt på vedlagde kart.

Tiltakshavar og søkjar meiner derfor at noko nye avkøyringsløyver ikkje er naudsynt bortsett frå at den avkøyringa hovudbruket i dag har til fylkesvegen skal overførast til den nye landbrukseigedomen som blir frådelt og dermed får nytt bruksnr.

Fløksand 17.03.22

Terje Fløysand.

